

Plan for forvaltningsrevisjon

ÅLESUND KOMMUNE

September 2012

Plan forvaltningsrevisjon
Ålesund kommune

INNHALD

1.	Innleiing.....	5
1.1	Bakgrunn.....	5
1.2	Lovheimel.....	5
1.3	«Risiko- og vesentlighetsvurderinger».....	5
2.	Overordna analyse Ålesund kommune.....	7
2.1	Innleiing.....	7
2.2	Om Ålesund kommune.....	8
3.	Verksemdsområde.....	9
3.1.1	Innleiing.....	9
3.1.2	Kommuneleiing, stab og interne tenester.....	10
3.1.3	Skular og SFO.....	13
3.1.4	Barnehagar.....	14
3.1.5	Undervisning - anna.....	15
3.1.6	Heimetenester.....	15
3.1.7	Sjukeheimar.....	16
3.1.8	Helse- og sosiale tenester.....	17
3.1.9	Kultur.....	18
3.1.10	Teknisk og felles drift.....	19
3.1.11	Kommunale føretak.....	20
4.	Prioritering av forvaltningsrevisjons-prosjekt i perioden 2012-2016.....	22
5.	Vidare oppfølging.....	23
5.1	Handsaming.....	23
5.2	Oppfølging i etterkant.....	23
5.3	Rullering/oppdateringa av planen.....	23
5.4	Plan for selskapskontroll.....	23
6.	VEDLEGG.....	24

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

Etter *Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar* skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at bystyret er konstituert, utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Det er eit krav at planen skal vedtakast av bystyret sjølv, men bystyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.¹ Bystyret kan også pålegge kontrollutvalet å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt utanom prioriteringane i planen.

Ved utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon skal det ligge føre ei overordna analyse av kommunen sin verksemd basert på «risiko- og vesentlighetsvurderinger».

Den planen bystyret no vedtek vil gjelde for inneverande bystyreperiode fram til ny plan ligg føre, seinast 31.12.2016.

1.2 Lovheimel

Gjennomføring av forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve for kommunen. Forvaltningsrevisjon er heimla både i KommuneLOVA, Forskrift om kontrollutval og Forskrift om revisjon.

Kontrollutvalet skal etter kommuneLOVA § 77 nr. 4 sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon. I dette ligg at kontrollutvalet har ei «bestillar-rolle» i samband med forvaltningsrevisjon. Forskrift om kontrollutval §§ 9-12 gir nærare reglar om gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Her blir m.a. krav om at det skal utarbeidast Plan for forvaltningsrevisjon for kvar kommunestyreperiode slått fast. I tillegg er temaet nemnt i Forskrift om revisjon, der det m.a. og er ein definisjon av kva ein forvaltningsrevisjon er og skal innehalde.²

1.3 «Risiko- og vesentlighetsvurderinger»

Bakgrunnen for forskrifta sitt krav om at planen skal byggje på ei overordna analyse ut frå «risiko- og vesentlighetsvurderinger», er å gi informasjon om eventuelle områder der det er avdekka risiko for vesentlege avvik i høve til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for kommunen. Målsettingar og risikovurderingar heng difor nøye saman. Risikovurderinga vil bestå i å identifisere relevante truslar i forhold til å oppnå målsettingane til kommunen. Risiko betyr altså at det ligg føre ein mulighet for at målsettingar ikkje vert oppfylt. Det skal og takast omsyn til kommunen sin eigen internkontroll, som skal avdekke og motverke risiko.

Risiko kan skuldast både interne og eksterne forhold. Eksempel på eksterne forhold kan vere lovgjeving, endring i kommunens økonomi etc. Interne faktorar kan vere samanbrot i IT-system, endringar i leiinga som påverkar måten enkelte kontrollrutinar

¹ Kontrollutvalet handlar på vegne av bystyret, og er berre underlagt dette. Dette skuldast at kontrollutvalet sitt tilsynsansvar omfattar alle kommunale utval unntatt bystyret. Det er derfor berre bystyret som kan fatte vedtak som er bindande for kontrollutvalet.

² Sjå eige vedlegg 1 med utdrag av lovtekster

blir utført på, rekrutteringsproblem, omorganiseringar etc.

Kontrollutvalet gjer si prioritering av aktuelle prosjekt ut frå ei samla «risiko- og vesentlighetsvurdering» sett opp mot overordna analyse, og legg innstilling fram for bystyret.

2. OVERORDNA ANALYSE ÅLESUND KOMMUNE

2.1 Innleiing

Siktemålet med overordna analyse er å få fram relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorar og einingar. Ut frå dette er målet at ein skal kunne prioritere dei beste og mest aktuelle prosjekta.

Målsettinga med overordna analyse er å avdekke avvik eller svakheiter i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Eit viktig element i analysen er å avdekke stader det kan være risiko for vesentlege avvik i høve til dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda, også når det gjeld produktivitet og økonomi. Analysen skal identifisere hendingar som kan vere ein trussel mot at kommunen når sine mål, ved å avdekke kor det er mest sannsynleg at det kan oppstå avvik, og kor konsekvensane er størst dersom avvik skjer.

Viktige dokument for arbeid med overordna analyse som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon er:

- Økonomiplan
- Kommuneplan
- KOSTRA
- Driftsavtaler
- Premissgivende bestilling
- Reglement
- Årsmelding

Vi har og valt å gjennomføre ei spørjeundersøking blant ordførarar, formannskap, gruppeleiarar i bystyret, kontrollutval og administrativ leiing³.

I tillegg vil den kunnskap kontrollutval, sekretariat og revisor har, alltid vere eit viktig supplement i analysearbeidet.

Eksempel på risiko kan vere:

- Risiko for at kvaliteten på ei teneste ikkje er god nok
- Risiko for at kommunen ikkje tilfredstillar lovpålagde krav
- Risiko for at ressursane ikkje vert godt utnytta
- Risiko for at kommunen ikkje oppfyller mål fastsett av bystyret
- Risiko for at økonomistyringa ikkje er god nok

Ved vurdering av kva som er vesentleg kan det vere nyttig å ta i bruk ulike perspektiv:

- Brukarperspektiv
- Politisk perspektiv
- Samfunnsperspektiv
- Økonomisk perspektiv

³ Sjå vedlagte spørjeskjema (vedlegg 2)

- Medarbeidarane sitt perspektiv
- Omdøme perspektiv

2.2 Om Ålesund kommune

Overordna målsettingar for Ålesund kommune går fram av kommuneplanen⁴:

- *Ålesund kommune skal integrere bærekraftig utvikling i kommunens planlegging og tjenesteutøvelse.*
- *Ålesund kommune skal ha en velfungerende kommuneforvaltning dimensjonert etter sine oppgaver.*
- *Ålesund kommune skal være en trygg og robust kommune for de som bor, ferdes og arbeider her.*
- *Ålesund kommune skal være en attraktiv arbeidsgiver.*
- *Ålesund kommune skal ha en fornuftig og bærekraftig økonomiforvaltning, der dagens økonomiske disposisjoner ikke reduserer valgmulighetene for fremtidige folkevalgte.*
- *Det skal være stort samsvar mellom innbyggernes forventninger til, og deres tilfredshet med, de kommunale tjenester.*

I tillegg til dette er det utarbeidd overordna målsettingar for dei einskilde verksemdsområda.

Målsettingane er vidare konkretisert i Premissgivande bestilling⁵.

Ålesund kommune er i utvikling, og det er og har vore eit høgt investeringsnivå dei siste åra. Nytt omsorgssenter og skule i Hatlane, ungdomsskule Blindheim og Spjelkavik, relativt nytt omsorgssenter på Aspøya og Blindheim, fleire nye barnehagar, idrettshall Larsgården og samarbeid om idrettshall Borgund er nokre døme på dette. Lånegjelda for kommunen var 3,3 mrd. kroner ved utgangen av 2011. Det kan nemnast at ved utgangen av 2006 var lånegjelda 1,9 mrd. kroner.

Det har og vore, og er framleis, vekst i innbyggjartalet. Pr. 01.01.2012 var det 44.416 innbyggjarar i kommunen. 01.01.2007 var folketalet 41.385. Dette gir ein gjennomsnittleg årleg vekst på 606 innbyggjarar dei siste 5 åra.

Kostra-tall syner at netto lånegjeld pr. innbyggjar var kr 50.593 i Ålesund pr. 31.12.11, medan den var kr 47.864 i samanliknbare kommunar (Kostra-gruppe 13). Tilsvarende tal pr. 31.12.08 var kr 37.756 for Ålesund kommune og kr 37.329 for samanliknbare kommunar. Det har mao vore ein sterkare vekst i gjeld pr. innbyggjar i Ålesund kommune enn i samanliknbare kommunar.

I det følgjande vil det bli diskutert nokre tema kommunerevisjonen meiner er relevante for gjennomgang ut frå risiko og kor vesentlege dei er. Vi vil ta utgangspunkt i verksemdsområda i Ålesund kommune ved gjennomgangen.

⁴ http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/Kommuneplanen/Kommuneplan-2008-2020-Samfunnsdelen_og_arealdelen.pdf

⁵ http://www.alesund.kommune.no/images/stories/dokumenter/Premissgivende_bestilling/PM_Aalesund-kommune_2013-16_web_8_2012.pdf

3. VERKSEMDSOMRÅDE


3.1.1 Innleiing

I undersøkinga som er gjennomført vart det stilt følgjande spørsmål: *Hvor viktig mener du det vil være å igangsette forvaltningsrevisjon innenfor følgende undersøkelsesområder?* Respondentane vart bedne om å rangere kvart område mellom:

- 1 Svært lite viktig
- 2 Lite viktig
- 3 Viktig
- 4 Ganske viktig
- 5 Svært viktig

I figuren under går gjennomsnittet for dei einsskilde områda fram:


Figur 1 Rangering av område i høve til vurdering av behov for forvaltningsrevisjon



Dei to områda som fekk høgast gjennomsnitt var Skular/SFO med 4,08 og Kommunale foretak med 4. Ikkje noko område peika seg mykje ut.

3.1.2 Kommuneleing, stab og interne tenester

Figur 2 Rangering i høve til vurdering av behov for forvaltningsrevisjon innan leing, interne tenester og sektorovergripande områder m.v.?



Lånegjeld/økonomisk bæreevne og vurdering av saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak har fått høgast gjennomsnitt. Under vil nokre av områda bli drøfta nærare.

SAKSUTGREIINGAR/OPPFØLGING AV VEDTAK

Dersom politiske vedtak ikkje blir følgt opp/sett til sides og/eller saker til politisk handsaming ikkje er tilstrekkeleg greidd ut, er dette eit demokratisk problem. Undersøkinga viser at det blir vurdert å vere relativt viktig med forvaltningsrevisjon på dette området.

Ei enkel tilnærming kan vere å gå gjennom vedtak for ei gitt periode og sjå korleis alle desse vedtaka er følgt opp.

SJUKELØNSREFUSJON

Kommunerevisjonane i fylket har samarbeidd om å lage ein mal for revisjon av sjukelønsrefusjon. Kommunerevisjonen i Romsdal har allereie gjennomført slike prosjekt, og dette har vist seg å vere nyttig.

Erfaringar i Ålesund viser at dette er eit område der svikt kan gi store økonomiske konsekvensar. Sentrale spørsmål i eit slikt prosjekt kan vere:

- Blir sjukepengar i arbeidsgjevarperioden betalt ut i tråd med regelverket?
- Blir det kravd refusjon for sjukepengar i trygdeperioden i tråd med regelverket?

- Krev kommunen tilbakebetalt feil utbetalte sjukepengar?
- Blir opplysningar knytt til sjukemelding dokumentert og oppbevart i tråd med regelverket?

Etter vår vurdering er det difor grunn til å vurdere å gjennomføre eit prosjekt med gjennomgang av rutinar og regler for refusjon av sjukepengar frå NAV. For kommunerevisjonen vil det vere naturleg å gjennomføre prosjektet i alle kommunane, men gjennomføre revisjonen først i Ålesund og så dra nytte av arbeidet i dei andre kommunane.

INNkjØP

Bystyret hadde 09.02.12 til handsaming forvaltningsrevisjonsrapport om *Praktisering av regelverket for offentlige anskaffelser i Ålesund kommune*, og vedtok i denne saken følgjande:

1. *Ålesund bystyre ber rådmannen arbeide vidare for å styrke sin interne kontroll, for å sikre at virksomhetene etterlever regelverket for offentlige anskaffelser.*
2. *Bystyret ber rådmannen spesielt følge opp de virksomhetene hvor den foreliggende forvaltningsrevisjonsrapporten viser avvik.*
3. *Ålesund bystyre vedtar at gjeldende Veileder til reglene om offentlige anskaffelser skal være retningsgivende for kommunens tolkning og praktisering.*
4. *Ålesund bystyre ber rådmannen komme tilbake til kontrollutvalget med en redegjørelse om den faglige uenigheten mellom rådmannen og kommunerevisjonen på bakgrunn av at det i rådmannens høringssvar til rapporten går fram at der er faglig uenighet.*

Spørjeundersøkinga syner at ein framleis vurderer innkjøp som eit viktig område for forvaltningsrevisjon. Det vil vere naturleg for revisjonen å følgje opp rapport og vedtak, med ein ny rapport om kva rådmannen har gjort i samband med dette.

INTERN STYRING OG KONTROLL/DRIFTSKONTRAKTER

God styring og godt leiarskap er naudsynt for kommunen sin tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltning. Ein føresetnad for god styring er at det er etablert gode rutinar og kontrollaktivitetar på alle nivå. Intern kontroll er eit leiaransvar som er viktig i denne samanheng.

Kommunerevisjonen har gjennom rekneskapsrevisjon m.a. peika på at fleire einingar i Ålesund kommune har hatt meirforbruk. Gjennom budsjettrapportar i løpet av 2012 er det synleggjort stort prognostisert meirforbruk i kommunen. Det kan difor no vere aktuelt å prioritere forvaltningsrevisjon av verksemdstyring der ein m.a. ser nærare på intern kontroll, driftskontraktar og eventuelt økonomistyring.

IKT

Kommunane er i dag heilt avhengige av sær omfattande IKT-system. Dette medfører risiko av fleire slag. Mellom anna kan det vere risiko for sårbarheit, men det kan og vere risiko for at sikring av sensitive opplysningar ikkje er god nok.

Det har vore eksempel i media der dette har blitt synleggjort for Ålesund kommune, og eit mogleg tema for forvaltningsrevisjon kan difor vere å sjå nærare spesielt på

internkontrollen knytt til IKT.

BRUKARBETALING

Det er ei rekkje tenester kommunen leverer, der brukarbetaling skal vere lik eller ikkje overstige sjølvkost. Mellom anna gjeld dette renovasjonstenester, vatn og avløp, feiing, plan- og byggeskakshandsaming og skulefritidsordning.

Vatn, avløp og renovasjon er noko alle husstandar og bedrifter i kommunen betaler avgift for å kunne nytte. Dette er med andre ord ein omfattande sektor, med både høge inntekter og store utgifter. Det faktum at sektoren er sjølvfinansierende kan medføre at det ikkje blir sett nok fokus på den ved m.a. budsjettprosess og budsjetthandsaming.

Eit mål for ein forvaltningsrevisjon kunne difor vere å gjennomføre meir omfattande vurderingar av sjølvkostberekningane for vatn, avløp og renovasjon, enn dei kontrollane som blir gjennomført gjennom den ordinære rekneskapsrevisjonen.

LÅNEGJELD/ØKONOMISK BEREEVNE

Dette er eit tema som vart sett på som relativt viktig iflg. undersøkinga. Kommunerevisjonen har utarbeidd ein omfattande rapport om lånegjeld og økonomisk bereevne for ein av kommunane i distriktet om dette temaet der det m.a. vart gjennomført stresstestar av gjeld mtp. renteutvikling.

Det er ikkje lett å etablere gode revisjonskriterier for eit slikt prosjekt slik at det kjem inn under paraplyen forvaltningsrevisjon. Samstundes er det ikkje tvil om at dette kan vere nyttige prosjekt for politisk og administrativ leiing i dei fleste kommunar.

SAMHANDLINGSREFORMA

Samhandlingsreforma har store konsekvensar nesten uansett kva perspektiv (brukarperspektiv, økonomisk perspektiv, samfunnsperspektiv, medarbeidarperspektiv) ein nyttar. Målet med reforma er å møte tre hovud-utfordringar:

- Demografisk utvikling og endring i sjukdomsbiletet
- Samhandlinga mellom ulike helsetenesteniå
- Behov for førebygging av sjukdom

Ei rekkje tema vil kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Kommunal medfinansiering
- Kommunane sitt finansieringsansvar for utskrivingsklare pasientar
- Etablering av lokale tenester, inkludert akutt hjelp
- Samarbeid mellom kommunar og helseføretak
- Samarbeid med fastlegane
- Større ansvar for førebyggjande helsetenester
- Bruk av IKT

Noko av dette vil først vere aktuelt etter ei viss tid, men mykje er aktuelt allereie. Ut frå omfanget av denne reforma rår vi difor til at samhandlingsreforma blir tema for forvaltningsrevisjon i denne perioden.

3.1.3 Skular og SFO

Skular/SFO var det området som vart sett på som viktigast i del 1 i undersøkinga. Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 3 Prioritering moglege revisjonsområde innan Skule/SFO



Alternativer	Prosent
1 Kostnadsdekning SFO	0,0 %
2 Kvalitet undervisning	28,6 %
3 Tilpasset opplæring/Spesialundervisning	57,1 %
4 Skulebygg	42,9 %
5 Skolemiljø	21,4 %
6 Tildeling av ressurser	35,7 %
7 Oppfølging av skoleeierstrategi	7,1 %
8 Annet	0,0 %

Tilpassa opplæring/Spesialundervisning vart høgast prioritert, og er etter vår vurdering eit område der det kan vere høg risiko og høg konsekvens dersom tenesta ikkje fungerer i tråd med retningslinjene. Dette er tilbud til ei svak gruppe der det kan gje store konsekvensar om ikkje hjelp blir sett inn til rett tid.

Medieoppslag og tilsyn har peika på den lange ventetida i kommunen når det gjeld utgreiningar, og det er stilt spørsmål ved om borna får dei tenester dei har krav på.

Formålet med eit slikt prosjekt vil vere å kartleggje kommunen sin bruk av midlar til spesialundervisning, og vurdere om kommunen etterlever sentrale deler av regelverket på dette område. Eit slikt prosjekt bør sjåast i samanheng med avsnitt seinare om «Undervisning/anna».


Eit anna tema er standard og forvaltning av skulebygg. Dette er og eit viktig område der avvik kan gje store konsekvensar. Jf. tilråding seinare vurderer vi at det kan vere aktuelt med forvaltningsrevisjon av forvaltning, drift og vedlikehald generelt på kommunale bygg. Skulebygg vil delvis måtte bli eit tema der. Dette er og eit tema som blir handtert ved at administrasjonen kvart år har ein grundig gjennomgang av status for skulebygga i kommunen til politisk nivå. Dette betyr ikkje at det ikkje kan vere fornuftig med ein eigen forvaltningsrevisjon på området, men vi vil rå til at ein i denne omgang prioriterer

tilpassa opplæring/spesialundervisning.

3.1.4 Barnehagar

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 4 Prioritering moglege revisjonsområde innan Barnehagar



Alternativer	Prosent
1 Finansiering barnehager generelt i Ålesund kommune	71,4 %
2 Finansiering og oppfølging av private barnehager	71,4 %
3 Barnehagedekning	14,3 %
4 Tildeling av plasser	14,3 %
5 Annet	7,1 %

Kommunane fekk frå 2011 ansvaret for å finansiere barnehagane. Omlegginga av finansieringsordninga er krevjande, og det er store beløp det er tale om. Aktuelle spørsmål kan vere om det er kontroll med aktivitet og om utbetalingane er i tråd med regelverk og føresetnader.


Dette er eit område kommunerevisjonen (som sjukelønnsrefusjon) vil rå til blir gjenstand for revisjon i fleire kommunar i revisjonsdistriktet, noko som sannsynlegvis og gir «stordriftsfordelar». Men det er kanskje spesielt viktig i Ålesund som har eit stort innslag av private barnehagar.

Ein av respondentane har og nemnt at moglege område for forvaltningsrevisjon innan barnehagar kan vere spesialpedagogisk hjelp.

3.1.5 Undervisning - anna

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 5 Prioritering moglege revisjonsområde innan Undervisning/anna




Alternativer	Prosent
1 PPT	100,0 %
2 Voksenopplæring	28,6 %
3 Alternativ opplæring	7,1 %
4 Annet	7,1 %

I tidlegare avsnitt om Skuler/SFO blir tilpassa opplæring/Spesialundervisning nemnt som mogleg tema for forvaltningsrevisjon. Vi vurderer det slik at det kan vere fornuftig å gjennomføre ein slik revisjon der ein ser på PPT i tråd med ønsket som har kome fram i undersøkinga.

3.1.6 Heimetenester

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 6 Prioritering moglege revisjonsområde innan Heimetenester



Alternativer	Prosent
1 Tildeling av tjenester	71,4 %
2 Rustjenesten	14,3 %
3 Barneboliger	7,1 %
4 Psykisk helsearbeid	0,0 %
5 Bistand, pleie- og omsorg til hjemmeboende	35,7 %
6 Tilbud til psykisk utviklingsemmende	7,1 %
7 Samhandlingsreformen	28,6 %
8 Annet	0,0 %


Helsetilsynet la i juni 2010 fram *Rapport frå tilsyn med helse- og sosialtjenester til vaksne med alvorlig psykisk lidelse i Ålesund kommune 2010*. Det vart ikkje funne avvik eller peika på merknader under tilsynet.

I undersøkinga vart «Tildeling av tjenester» prioritert høgast. Kommunen har opna tildelingskontor i 2011. Dersom ein vil gjennomføre ein forvaltningsrevisjon om temaet kan det difor vere fornuftig at dette blir gjennomført seint i perioden.

3.1.7 Sjukeheimar

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 7 Prioritering moglege revisjonsområde innan Sjukeheimar




Alternativer	Prosent
1 Tildeling av plasser	71,4 %
2 Langtidstilbud	7,1 %
3 Korttidstilbud	7,1 %
4 Medisinhandling	7,1 %
5 Handling av vederlag/egenbetaling	0,0 %
6 Utskrivningsklare pasienter	7,1 %
7 Samhandlingsreformen	50,0 %
8 Annet	0,0 %

Tildeling av plasser er det området som peiker seg ut jf. undersøkinga. Tildelingskontor som vart opna i 2011 har ansvar også for dette området. På same måte som ved heimetenester kan det eventuelt vere fornuftig med ein forvaltningsrevisjon seint i perioden dersom ein ønskjer slik revisjon.

3.1.8 Helse- og sosiale tenester

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 8 Prioritering moglege revisjonsområde innan Helse- og sosiale tenester



Alternativer	Prosent
1 Barneverntjenesten	78,6 %
2 Helse- og miljøtj. (legevakt, helsestasjoner, etc.)	0,0 %
3 Allmenlegetjenesten/fastlegeordning	7,1 %
4 NAV/Sosialtjenesten	35,7 %
5 Aktivisering/velferd	14,3 %
6 VH Sysselsetting	0,0 %
7 Samhandlingsreformen	21,4 %
8 Annet	0,0 %

Helsetilsynet la i juni 2011 fram *Rapport frå tilsyn med undersøkingar og evaluering av hjelpetiltak ved Barneverntenesta i Ålesund, ytre bydel 2011*. Det vart der peika på 2 avvik:


1. Ålesund kommune sikrar ikkje at alle barnevernsundersøkingane vert gjennomført i tråd med regelverket.
2. Ålesund kommune sikrar ikkje at alle iverksette hjelpetiltak vert evaluert i tråd med regelverket

Kommunerevisjonen vurderer det slik at svikt i Barneverntenesta vil kunne ha sær negative konsekvensar for ei svak gruppe. Vi rår difor til at forvaltningsrevisjon innan dette området vert prioritert.

3.1.9 Kultur

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 9 Prioritering moglege revisjonsområde innan Kultur



Alternativer	Prosent
1 Kulturadministrasjon	53,8 %
2 Idrett/idrettsanlegg	7,7 %
3 Biblioteket	7,7 %
4 Kino	23,1 %
5 Flyktningetjenesten	30,8 %
6 Kulturskolen	15,4 %
7 Annet	7,7 %


I utgangspunktet var det ikkje høg «score» på Kultur ved prioritering mellom tema for forvaltningsrevisjon.

I lokal presse har det vore ein diskusjon omkring husleigeproblematikk og Kunstforeninga. Dette har også ein av dei som har svart på undersøkinga tatt opp som eit mogleg område for forvaltningsrevisjon. Vi vurderer det slik at dette temaet i første omgang er best eigna for at rådmannen gjer greie for handteringa til bystyre/formannskap dersom det er ønskeleg.

3.1.10 Teknisk og felles drift

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 10 Prioritering moglege revisjonsområde innan Teknisk og felles drift



Alternativer	Prosent
1 Arealplanlegging	30,8 %
2 Byggesaksbehandling	61,5 %
3 Kart og oppmåling	0,0 %
4 Vedlikehold/opparbeiding veinett	15,4 %
5 Parkdrift	0,0 %
6 Vannbehandling	0,0 %
7 Avløpsbehandling	0,0 %
8 Renovasjon	7,7 %
9 Bingsa	0,0 %
10 Kostnadsdekning selvkost	23,1 %
11 Eiendomsdrift	30,8 %
12 Renholdsdrift	7,7 %
13 Drift av sentralkjøkkenet	7,7 %
14 Annet	0,0 %

Byggjesakshandsaming peika seg mao ut som eit prioritert område i undersøkinga

innanfor teknisk. Det er stor byggeaktivitet i kommunen, og det er folkevekst. Dette er medverkande til at det er viktig at denne tenesta fungerer godt.

I tidlegare avsnitt om kommuneleiing vart sjølvkostprinsippet innan VAR nemnt som noko som kan vere aktuelt for forvaltningsrevisjon. Ut frå at det uansett blir gjort stikkprøvar av etterleving av sjølvkostprinsippet i samband med rekneskapsrevisjonen, rår vi til at byggesakshandsaming blir prioritert i denne omgang.


3.1.11 Kommunale føretak

Ålesund kommune har følgjande kommunale føretak:

- Ålesund kommunale Eiendom KF
- Ålesund brannvesen KF
- Møre og Romsdal 110-sentral KF

Ved prioritering internt på området vart det følgjande resultat:

Figur 11 Prioritering moglege revisjonsområde innan kommunale føretak



Alternativer	Prosent
1 Brannvern/beredskap	0,0 %
2 Drift/forvaltning/vedlikehold eiendomsmasse	76,9 %
3 Oppfølging av investeringsprosjekter	7,7 %
4 Internkontroll/interne rutiner	46,2 %
5 Økonomistyring/budsjettoppfølging	15,4 %
6 Annet	0,0 %

Bystyret hadde 09.02.12 til handsaming forvaltningsrevisjonsrapport om *Praktisering av regelverket for offentlige anskaffelser i Ålesund kommunale Eigedom KF*, og vedtok i denne saken følgjande:

Bystyret viser til kapittel 7, oppsummering og konklusjon i rapporten. Med utgangspunkt i dette ber bystyret om at det iverksettes ytterligere tiltak og rutiner for å etterleve regelverket for offentlige anskaffelser.

Kommunerevisjonen rår til at det i tråd med resultat i undersøking blir sett i gang forvaltningsrevisjon om Forvaltning, drift og vedlikehold i kommunal eigedomsmasse.

4. PRIORITERING AV FORVALTNINGSREVISJONS- PROSJEKT I PERIODEN 2012-2016

Ålesund kommune kan i utgangspunktet pårekne 5-8 forvaltningsrevisjonsprosjekt i perioden avhengig av omfang i det enkelte prosjekt. Vi legg opp til at nokre av prosjekta under blir gjennomført i fleire kommunar i revisjonsdistriktet, og at dette vil vere arbeidssparande. Målsettinga er difor 8 forvaltningsrevisjonar i perioden.

Ut frå gjennomgangen har ei rekkje aktuelle tema peika seg ut. Revisjonen har under laga eit utkast på nokre aktuelle tema i prioritert rekkjefølgje. Tema og rekkjefølgja er noko det kan vere hensiktsmessig at kontrollutvalet anten tek stilling til i si tilråding til bystyret, eller eventuelt ber om fullmakt av bystyret til å ta stilling til dersom bystyret sjølv ikkje vedtek rekkjefølgja. Det er verdt å merke seg at det i dette heftet er drøfta fleire aktuelle tema som ikkje er sett opp på lista under. Det vil vere opp til kontrollutval og bystyre eventuelt å gjere endringar på dette.

Forslag prioritert aktuelle tema:

1. Spesialundervisning/PPT
2. Intern styring og kontroll (overordna)
3. Finansiering av barnehagar
4. Forvaltning, drift og vedlikehald kommunal eigedomsmasse (ÅKE KF)
5. Refusjon sjukepengar
6. Samhandlingsreforma
7. Sakshandsaming byggjesaker
8. Barneverntenesta
9. Oppfølging av politiske vedtak
10. Internkontroll IKT

Det er vanleg at Kontrollutvalet får fullmakt til å vedta nærare prosjektinnhald innanfor dei tema som Ålesund bystyre vedtek i planen.

5. VIDARE OPPFØLGING

5.1 Handsaming

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon. Vidare er kontrollutvalet pålagt ansvar for å rapportere til bystyret. Med mindre bystyret gjer egne vedtak om når og korleis denne rapporteringa skal skje er det jf. forskrifta opp til kontrollutvalet å finne hensiktsmessig form og frekvens på dette.

Forvaltningsrevisjonsrapportar i Ålesund kommune blir lagt fram for kontrollutvalet først, og deretter til bystyret med innstilling frå kontrollutvalet.

5.2 Oppfølging i etterkant

Forskrift om kontrollutvalg § 12 slår fast at kontrollutvalet og har ansvar for å sjå til at bystyret sine vedtak i tilknytning til handsaming av rapporter om forvaltningsrevisjon blir følgt opp, og at dette blir rapportert til bystyret. Siktemålet med oppfølginga er jf. kommentarar til forskrifta at det er sentralt av omsyn til å sikre ein ”lærende organisasjon” at resultatane av gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt blir følgt opp.

Merknader til forskrifta slår difor fast at kontrollutvalet skal sjå til at forvaltninga «*iverksetter tiltak*» for å rette opp påviste avvik/svakheiter. Det er kommunen sin administrasjonssjef (rådmann) som har ansvar for oppfølginga av bystyret sine merknader, jf. kommunelova § 23, nr. 2. Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/svakheter i det konkrete tilfelle, det ansvaret ligg hjå administrasjonssjefen. Kontrollutvalet kan likevel peike på om ein er av den oppfatning at administrasjonssjefen si tilbakemelding ikkje er god nok

5.3 Rullering/oppdateringa av planen

Etter Forskrift om kontrollutval kan kontrollutvalet ha mynde til å foreta eventuelle endringar i den vedtekne planen ut frå kva rammer bystyret har satt. Bystyret kan delegere til kontrollutvalet å foreta nødvendige endringar i planperioden. Dette er først og fremst aktuelt dersom det skulle dukke opp nye aktuelle tema som ikkje er nemnt og vurdert i planen. I tillegg vil kommunen sine mange utfordringar endre seg over tid, slik at risikoområder med behov for forvaltningsrevisjon også blir endra kontinuerlig.

5.4 Plan for selskapskontroll

Behov for selskapskontroll kom relativt høgt på vurderingane i undersøkinga. Det blir lagt fram eige notat om plan for selskapskontroll i Ålesund kommune, og det vil bli lagt fram eigen sak til bystyret om dette.

6. VEDLEGG

Vedlegg 1 Lovgrunnlag

Kommunelovens § 77.4:

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte. Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommune-styrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutvalg §§ 9 – 12:

Forskriften inneholder både et pålegg om å utføre forvaltningsrevisjon, et krav om at det skal utarbeides en plan for forvaltningsrevisjon, samt krav om rapportering/oppfølging:

§ 9. Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel. Forvaltningsrevisjon kan utføres av andre enn den som er ansvarlig for revisjon av kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap eller et kommunalt eller fylkeskommunalt foretaks årsregnskap.

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

§ 11. Rapporter om forvaltningsrevisjon

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret om hvilke forvaltningsrevisjoner som er gjennomført og om resultatene av disse, jf. § 8 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner.

§ 12. Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporter

Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal avgi rapport til kommunestyret om hvordan kommunestyrets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.

Forskrift om revisjon

Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner av 15.06.2004 gir nærmere omtale av hva forvaltningsrevisjon innebærer. I forskriften defineres begrepet forvaltningsrevisjon som følgende:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre **systematiske vurderinger** av **økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger** ut fra kommunestyret og fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området*
- c) regelverket etterleves*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd*

Vedlegg 2 Spørjeundersøking

KOMREV3 IKS KOMMUNEREVISJONEN

Ålesund kommune - Spørreundersøkelse Plan for forvaltningsrevisjon

Denne spørreundersøkelsen er ment å være en av datakildene for overordnet analyse som skal danne grunnlag for Plan for forvaltningsrevisjon i Ålesund kommune.

Spørreundersøkelsen blir rettet til ordfører, medlemmer i formannskapet, gruppeledere i bystyret og medlemmer i kontrollutvalget. Den blir videre rettet til rådmann og ledergruppe (samt regnskapssjef og personalsjef) i kommunen.

I del 1 blir en utfordret til å vurdere viktigheten av forvaltningsrevisjon innen virksomhetsområdene og stab/ledelse m.v. i kommunen generelt.

Del 2 spør om viktigheten av forvaltningsrevisjon innenfor de spesifikke fagområdene i kommunens ulike sektorer/virksomhetsområder, og spør om hvilke fokusområder som bør vektlegges ved forvaltningsrevisjon innen de ulike fagområdene.

Del 3 er en åpen rubrikk der en kan komme med innspill/forslag, eventuelt påpeke dersom det er noe en ser ikke har kommet med i undersøkelsen.

Resultatet av undersøkelsen vil bli fremstilt i anonymisert form.



1) * Hvilken rolle har du i Ålesund kommune?

- Politiker
- Administrativ leder



1.1 OVERORDNET PRIORITERING

2) Hvor viktig mener du det vil være å igangsette forvaltningsrevisjon innenfor følgende undersøkelsesområder?

	Svært lite viktig	Lite viktig	Viktig	Ganske viktig	Svært viktig
Stab og interne tenester	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Skoler og SFO	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehager	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Undervisning - annet (PPT,	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Alternativ opplæring, Voksenopplæringen)					
Hjemmetjenester (inkl. rusarbeid, psykisk helsevern mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Sykehjem	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Helse- og sosiale tjenester (inkl. barnevern, NAV, helsearbeid mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kultur (Kino, Bibliotek, Kulturskole, Idrett, Flyktningearbeid)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Teknisk og fellesdrift (VAP, VAR, Plan og bygning, Kart og oppmåling, Renhold, Sentralkj.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kommunale foretak	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Selskapskontroll	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



1.2 LEDELSE, STAB, SEKTOROVERGRIPENDE M.V.

**3) Hvor viktig mener du det vil være å iverksette
forvaltningsrevisjon innenfor de nevnte områdene innenfor
ledelse, interne tjenester og sektorovergrepene m.v.?**

	Svært lite viktig	Lite viktig	Viktig	Ganske viktig	Svært viktig
Helse, miljø og sikkerhet (HMS)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lønn og/eller sykelønnsrefusjon	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Saksutredninger og oppfølging av vedtak	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Innkjøpsordninger/offentlige anskaffelser	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Misligheter av ulik art	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Intern styring og kontroll	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
IKT- Styring og kontroll	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Driftsavtaler - målstyring - budsjettstyring	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Miljø- og klimatilpasninger i kommunen	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Oppfølging av kommunale inntekter (gebyr, eiendomsskatt, ress.kr.tjenester mv.)	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Organisering og ledelse/bemanning	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Servicetorg og dokumentsenter/servicefunksjoner	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Lånegjeld/økonomisk bæreevne	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>



2.1 SKOLE OG SFO

4) Hvilke(t) område(r) og tema innenfor Skole og SFO mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Kostnadsdekning SFO
- Kvalitet undervisning
- Tilpasset opplæring/Spesialundervisning
- Skolebygg
- Skolemiljø
- Tildeling av ressurser
- Oppfølging av skoleeierstrategi
- Annet

5) Ved forvaltningsrevisjon innenfor de ulike tjenestetilbudene i Skoler og SFO, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.2 BARNEHAGER

6) Hvilke(t) område(r) innenfor Barnehager mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Finansiering barnehager generelt i Ålesund kommune
- Finansiering og oppfølging av private barnehager
- Barnehagedekning
- Tildeling av plasser
- Annet

7) Ved forvaltningsrevisjon innenfor barnehager, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning

- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.3 UNDERVISNING - ANNET

8) Hvilke(t) område(r) innenfor Undervisning-annet mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- PPT
- Voksenopplæring
- Alternativ opplæring
- Annet

9) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Undervisning-annet, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.4 HJEMMETJENESTER

10) Hvilke(t) område(r) innenfor Hjemmetjenester mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Tildeling av tjenester
- Rustjenesten
- Barneboliger
- Psykisk helsearbeid
- Bistand, pleie- og omsorg til hjemmeboende
- Tilbud til psykisk utviklingsemmede
- Samhandlingsreformen

Annet

11) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Hjemmetjenester, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.5 SYKEHJEM

12) Hvilke(t) område(r) innenfor Sykehjem mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Tildeling av plasser
- Langtidstilbud
- Korttidstilbud
- Medisinbehandling
- Behandling av vederlag/egenbetaling
- Utskrivningsklare pasienter
- Samhandlingsreformen
- Annet

13) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Sykehjem, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.6 HELSE- OG SOSIALE TJENESTER

14) Hvilke(t) område(r) innenfor Helse- og Sosiale tjenester mener du bør prioriteres ved valg av

forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Barneverntjenesten
- Helse- og miljøtj. (legevakt, helsestasjoner, etc.)
- Allmenlegetjenesten/fastlegeordning
- NAV/Sosialtjenesten
- Aktivisering/velferd
- VH Sysselsetting
- Samhandlingsreformen
- Annet

15) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Helse- og Sosiale tjenester, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.7 KULTUR

16) Hvilke(t) område(r) innenfor Kultur mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Kulturadministrasjon
- Idrett/idrettsanlegg
- Biblioteket
- Kino
- Flyktningetjenesten
- Kulturskolen
- Annet

17) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Kultur, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse

- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.8 TEKNISK OG FELLES DRIFT

18) Hvilke(t) område(r) innenfor Teknisk og Felles drift mener du bør prioriteres ved valg av forvaltningsrevisjonsprosjekt? (Merk av maksimum 2)

- Arealplanlegging
- Byggesaksbehandling
- Kart og oppmåling
- Vedlikehold/opparbeiding veinett
- Parkdrift
- Vannbehandling
- Avløpsbehandling
- Renovasjon
- Bingsa
- Kostnadsdekning selvkost
- Eiendomsdrift
- Renholdsdrift
- Drift av sentralkjøkkenet
- Annet

19) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Teknisk og Felles drift, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



2.9 KOMMUNALE FORETAK

20) Hvilke(t) område(r) innenfor Kommunale foretak mener du bør prioriteres å gjennomføre forvaltningsrevisjon på? (Merk av maksimum 2)

- Brannvern/beredskap
- Drift/forvaltning/vedlikehold eiendomsmasse
- Oppfølging av investeringsprosjekter
- Internkontroll/interne rutiner
- Økonomistyring/budsjettoppfølging
- Annet

21) Ved forvaltningsrevisjon innenfor Kommunale foretak, hvor mener du fokus bør rettes? (Merk av maksimum 2)

- Bemanning
- Kompetanse
- Ledelse/administrasjon
- Lover og regelverk
- Organisering
- Økonomi
- Vet ikke



3.1 ANDRE KOMMENTARER

22) Har du kommentarer/innspill/forslag til tema/problemstillinger som kan være egnet for forvaltningsrevisjon i Ålesund kommune?

KOMREV3 IKS er eit interkommunalt revisjonsselskap, etablert 01.01.1994. Selskapet har ansvar for revisjon av kommunane Giske, Haram, Midsund, Norddal, Sandøy, Skodje, Stordal, Stranda, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund.

Selskapet leverer tenester som finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og rådgiving. Det blir rapportert til den enkelte kommune sitt kontrollutval og kommunestyre/bystyre.

Hovudkontor for selskapet er Lerstadvegen 545 i Ålesund kommune.

KOMREV3 IKS
Postboks 7734 Spjelkavik
6022 ÅLESUND
Tlf. 70172150 – Fax 70172151 – E-post: komrev3@komrev3.no
Org.nr. 971562587